

Breidablikk hytteforening

Personvernerklæring

Denne personvernerklæringa seier korleis Breidablikk Hytteforeining, samlar inn og behandlar personopplysningar.

Breidablikk Hytteforeining, ved styreleiar, er ansvarleg for hytteforeininga si handsaming av personopplysningar. Styreleiar har det øverste ansvaret for å sikre at all handtering av personopplysningar skjer i samsvar med gjeldane lovgiving. Der det daglege ansvaret er delegert, kjem dette frem under kvart enkelt punkt i denne erklæringa. Delegeringa omfatter kun oppgåvene og ikkje ansvaret.

Erklæringa inneheld informasjon om rettighetene dine ved lagring av personopplysningar gjennom medlemsskapet i Breidablikk Hytteforeining, og generell informasjon om korleis vi behandlar personopplysningar etter gjeldande personvernlovgiving.

Breidablikk Hytteforeining deler ikkje personopplysningar med andre, eller brukar opplysningane til andre formål enn det som er vist til i denne personvernerklæringa.

Personopplysningar

For å bli medlem i Breidablikk Hytteforeining treng vi namn, adresse, mobilnummer, e-post og kva for ei hytte du eig.

Dette er nødvendig for å kunne registrere betalt medlemsavgift, ta kontakt på telefon ved behov og sende relevant informasjon til rett e-post eller postadresse. Personopplysningane nemnt over er lagra elektronisk hos styreleiar, sekretær og kasserar.

Det er etablert eit medlemsområde på heimesida til hytteforeininga www.breidablikk.info som er passordbeskytta. På dette området ligg der ei medlemsliste over medlemmar som har gitt sitt skriftlege samtykke til å stå oppført på denne lista med namn, hytteadresse, epost og telefonnummer.

Nyheitsbrev til medlemmane vert utsendt via programmet Mailchimp, og i det systemet er det også lagra e-postadresser til mottakarane.

Breidablikk hytteforening

Dine rettigheter

Du har rett til innsyn i personopplysningane som Breidablikk Hytteforeining har registrert på deg i samsvar med gjeldande lovgiving. Du kan til eikvar tid be om å få desse opplysningane utan vederlag, i tråd med lovgivinga.

Opplysningar skal utleverast/overførast på ein sikker måte. Dersom det enkelt medlem sender anmodninga elektronisk, og med mindre medlemmet ber om noko anna, skal informasjonen overførast i ei vanleg elektronisk form.

Du kan også, når som helst, be oss slette eller rette dine personopplysningar, forutsett at vi ikkje er forplikta til å oppbevare desse i henhold til gjeldande lovgiving eller andre forpliktelsar vi har.

Du kan når som helst trekke tilbake det samtykket du har gitt oss til å bruke opplysningar om deg på www.breidablikk.info og i Mailchimp. Samtykke eller oppheving av dette sender du til oss i brev eller e-post.

Du har rett til å klage til Datatilsynet dersom du opplever at personopplysningane dine ikkje blir behandla i henhold til denne erklæringa.

16. august 2018

Breidablikk Hytteforeining v/styreleiar